



# KARANTENEUTVALGET

opprettet ved kgl.res. 7. oktober 2005

---

Tord Dale

|                  |                  |               |                 |
|------------------|------------------|---------------|-----------------|
| Vår dato         | Deres dato       | Vår referanse | Deres referanse |
| 28. oktober 2013 | 14. oktober 2013 | 13/2993       |                 |

## Avgjerd frå Karanteneutvalet –Tord Dale

Karanteneutvalet viser til melding frå deg 14. oktober 2013.

Karanteneutvalet har teke avgjerd om at du, ved å gå frå stilling som politisk rådgjevar i Fiskeri- og kystdepartementet til stilling som rådgjevar i Burson-Marsteller, skal ileggast karantene i tre månader frå 16. oktober 2013 til og med 15. januar 2014. Karanteneutvalet har og vedteke at du i tillegg ileggast saksforbod i 3 månader, frå 16. januar til og med 15. april 2014.

Karanteneutvalet si grunngjeving er at det ligg føre ein heilt konkret samanhang mellom stillinga som politisk rådgjevar og stillinga i Burson-Marsteller. Karanteneutvalet legg til grunn at det vil kunne svekkje tilliten til forvaltninga om du byrjar i stillinga rett etter at du sluttar i stillinga i Fiskeri- og kystdepartementet. Saksforbodet omfattar all bistand knytt til verksamder som i hovudsak arbeider med og/eller tek oppdrag innanfor fiskerinæringa, havbruksnæringa, trygg sjømat, fiskehelse og – velferd.

Karantene betyr at det er forbode å byrja i stillinga i Burson-Marsteller før 16. januar 2014. Det er òg forbode å ha fagleg kontakt med verksemda i denne tida.

Karanteneutvalet minner om at retningslinjene om informasjonsplikt, karantene m.v. for politikarar punkt 4, set krav om at politikaren, eit år etter å ha slutta i stillinga, har plikt til å informere om stillingar, verv og næringsverksemd mv. som kan være problematisk i forhold til retningslinjene.

Med hilsen

Erling Thormod Narum (e.f.)

Nina Evensen

Kopi:  
Statsministerens kontor  
Arbeidsdepartementet  
LO

Karanteneutvalget  
Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet  
Postboks 8004 Dep, 0030 OSLO  
Tel. 22 24 48 01/22 24 46 60  
E.post: postmottak@fad.dep.no